Ein aktiv kulturformidlar

Kvinnherad Sogelag er eit lag med mykje aktivitet. Truleg på grunn av at medlemene er genuint opptekne av å høyra historier, og ikkje minst formidla dei vidare til andre.

På eit styremøte i sogelaget sit representantar frå heile kommunen rundt langbordet til Anny Nygaard Mehl på Mehl i Rosendal. Det er tidleg ettermiddag, noko eg får forklart på denne måten;

– Styremedlemmene i sogelaget består nesten berre av pensjonistar, så vi har møta våre tidleg. Vi går nemleg ikkje ut etter at det vert mørkt, ler Kari Fedt Haugsbakk mot meg.

Dei andre åtte humrar godt, sjølv om fleire er langt frå pensjonistar enno. Langbordet er dekt, og forsamlinga kan forsyna seg med herleg heimebakst, te og kaffi. Tema for møtet denne dagen har vore å bestemma seg for hovudfokus i den nye årboka dei skal i gong med. Mykje av aktiviteten i laget dreier seg rundt nettopp denne.

Veteranar

– Vi gir ut årboka anna kvart år, og det utgjer mesteparten av aktiviteten i laget, fortel Mehl, som er leiar i laget i tillegg til vert for styremøta. Førre årbok kom ut før jul, med førstereisgutane som tema. No har dei bestemt seg for å ha veteranar frå fredsbevarande styrkar som hovudtema, og dei vil framover jobba med å intervjua aktuelle folk frå heile kommunen til den nye boka som kjem i 2017.

– Det byrjar jo å hasta, det er ikkje så mange igjen av dei, understreker Audun Eik.

Han siktar til veteranane dei skal intervjua, og håpar at dei som har noko å bidra med tek kontakt, slik at ein får ei årbok som kan representera ei historisk, samt geografisk, spreiing. Førre årbok vart laga i eit opplag på 600, og den er nesten utseld allereie. Det vitnar om at det er fleire enn dei 233 medlemmene i sogelaget som interesserer seg for lokalhistorie.

Lars Jostein Rørvik har hovudansvaret for regien av årboka.

– Vi er heldige som har han til jobben, han har jo skrive bok sjølv, poengterer Lars Børge Sæberg.

Rørvik fungerer som primus motor, og skriv også ein del sjølv.

– Det er veldig mykje stoff som kjem inn. Berre på det vi fekk inn til årboka om førstereisgutane kunne vi jo laga mange bøker! Eitt stykke som kom inn var på heile femti sider, så det kunne jo vore ei eiga bok, informerer han engasjert.

– Ja, det var faktisk fleire som var skuffa. Dei kom til meg og spurte «Kvifor har de ikkje skrive om meg?», skyt Rita Martens Meyer inn.

Sogelaget er tydeleg glade for å skriva årbøker som engasjerer, og tek arbeidet med å redigera og korta ned artiklane med eit stort smil.

Martens Meyer nemner i same slengen heimesida til laget.

– Vi har ei nettside, altså er vi, proklamerer ho smilande, og gir honnør til Åslaug Snilstveit i Salikat Design for arbeidet med utforminga av denne. På nettsida deira ligg alle årbøkene i frå 1982 i sin heilskap, dersom dei er utselte.

– Dei er scanna inn og lagt på sida vår, slik at dei skal vera tilgjengelege for alle, held ho fram.

Det kviskrast litt rundt bordet, og det går ikkje lang tid før eg har eit eige eksemplar av 2015-årboka i hendene.

– Denne skal du få, så kan du lesa, smiler leiaren i mot meg.

Formidlar kulturhistorie

Sjølv om årboka står for den største delen av aktivitet gjennom åra, er laget også med på andre kulturhistoriske prosjekt. Lars Børge Sæberg er ansvarleg for undergruppa til sogelaget – Krigshistorisk gruppe – som i desse dagar jobbar med eit hefte på om lag 50 sider, som sogelaget skal gi ut. I april er det duka for årsmøte i Kvinnherad Sogelag, og også då vert det fokus på å oppleva lokalhistorie. Dei skal arrangera møtet på Utåker, med mellom anna omvising i kyrkja der på plakaten. Årsmøta er opne for alle, så der er det mogleg å bli med på omvising. Fleire av styremedlemene i sogelaget har aldri vore inni Holmedal kyrkje sjølv, og ser fram mot å høyra nye historier frå bygda og bli betre kjent i ytste luten.

Kvaringar frå Kvinnherad

I tillegg jobbar laget, i samarbeid med Omvikdalen Bygdekvinnelag, om å registrera mønster på kvaringane på Kvinnherad-drakta, og å formidla handverket vidare med til dømes kurs i å veva kvaringar.

– Kvaringar er banda til drakta, og det er ulike band til sommar- og vinterdrakta. Nokre mønster er masseproduserte, og no jobbar vi i sogelaget med å samla alle mønstera og registrera desse, fortel Kari Fedt Haugsbakk.

Ho informerer vidare om at det på 80-talet vart gitt ut ei bok med bunadar og festdrakter frå distriktet, og materialet bak denne boka er veldig rikt på informasjon. I tillegg var det ei utstilling i det same tiåret, der ein har over 100 bunadsbilde tilgjengeleg. Kulturkontoret er ein viktig aktør i arbeidet med å samla dette materialet.

– Kanskje me kan laga eit hefte av det me finn ein gong, men i første omgang er prosjektet vårt å laga eit arkiv på dei ulike kvinnherske kvaringmønstera, medan bygdekvinnelaget vil arrangera kurs i veving av kvaringar, legg ho til. Det er altså ikkje berre i bokform ein kan få tileigna seg lokalhistorie i tida framover.

Tekst og foto: Jorun Larsen

I låven til Anny Nygaard Mehl held dei styremøta sine før mørket senkar seg. Bak f.v. Dagfinn Eide frå Halsnøy, Audun Eik frå Uskedalen og Eva Eide frå Ølve. Framme f.v. Kari Fedt Haugsbakk frå Omvikdalen, Rita Martens Meyer frå Ølve, Anny Nygaard Mehl frå Rosendal, Cort Holtermann frå Utåker og Lars Jostein Rørvik frå Sunde. Lars Børge Sæberg, Omvikdalen, var ikkje til stades då bildet vart tatt.

Lærte korleis dei vaska klede i gamledagar

BLA OM

◄ Kari viser kva naglebit er.
– Ein vert blå på fingrane, fortel ho.

► Til slutt må ein skylja det reine tøyet. Ungane gjer akkurat som dei har blitt forklart.

– Kva tid i gamledagar var det dei vaska i elva, då? Når dinosaurane levde?

Å vaska klede på gamlemåten er ikkje for frysepinnar

Kvinnherad sogelag har nyleg både sett og levd seg inn i korleis dei vaska klede i gamledagar i elvane som renn gjennom Omvikdalen; Mattiselva, Kløvselva, Botnelva, og Tveitelva som renn saman med Omvikdalselva i Omvikjo. I 2015 samarbeidde dei med Omvikdalen Bygdekvinnelag om å leita fram til vaskeplassane der ifrå gammalt av. Fleire stader var det samlingspunkt der folk troppa opp for å vaska kleda sine, og den fyldige informasjonen om plassane og historier til, kan ein lesa alt om på sogelaget si nettside.

Kari Fedt Haugsbakk frå sogelaget møtte Kvinnheringen og to flinke arbeidsungar til ei kjapp innføring i flekkfjerning, historie og naglebit ved elva på Ripel. Det er ein av dei få stadene ein framleis kan gå ned til elva og gjenoppliva dette.

– Sjå her er nokre flekkar, kan de hjelpa meg å få dei vekk? spør Kari blidt.

Verken Ole Willian (5) eller Veslemøy (3) Helle har nei i sin munn, og set straks i gong med å skura vasken opp og ned på vaskebretta i sinkbaljen.

Dei får forklart at det var slik dei vaska klede i gamledagar, sjølv midt på vinteren når det var isande kaldt vatn, som no.

– Vert de kalde? Det kan henda de får naglebit, seier Kari.

– Kva er naglebit? undrar Ole William.

– Det er når ein vert så kald at ein blir blå på fingrane, svarar Kari.

Veslemøy skurar og skurar, og får til slutt bort flekken. Meistringa breier seg ut i eit stolt smil, og Kari viser kva som er neste jobb. Når kleda er reine, må ungane vri ut såpevatnet før dei skyl tøyet i elva.

– Har de støvlar på? spør Kari og tek ungane med uti elva. Der står dei alle tre og skyl vasken sin frå side til side. Det er litt av ein jobb, då vasken går nedi elvebotnen og vert dobbelt så skiten som den var før dei tok til med arbeidet.

– Kor kjem vatnet frå, undrar Veslemøy. – Er det saltvatn, spør Ole William.

Kari fortel, og ungane følgjer nøye med. Så nøye at dei gløymer at naglebiten er på veg der dei står med elva til godt over anklane.

Til slutt er vasken passe skiten, ungane er kalde og nøgd med eigen innsats.

– Kor kaldt var vatnet for deg i gamledagar? spør dei meg. Og sjølv om det var freistande å sei at det var mykje kaldare før i tida, må eg innrømma at me hadde vaskemaskin då eg var ung også.

– Men kva tid i gamledagar var det dei vaska i elva då? Når dinosaurane levde? spør Ole William.

Dei får til svar at det ikkje er fullt så lenge sidan, men noko midt i mellom meg og dinosaurane. Dei kan til dømes høyra med oldeforeldra korleis dei gjorde det då dei var små. Borna godtek svaret, og gler seg til å visa kva dei har lært heime.

– Var det mest kaldt eller mest kjekt? undrar eg. Veslemøy nikkar, og seier ho har naglebit.

– Kjekt. Det var litt kaldt, men mest kjekt, avsluttar storebror.

Tekst og foto: Jorun Larsen

Oppskrift på såpe *frå Aslaug Eik*

Aslaug kokte mykje såpe under krigen. Ein måtte først samla skrapefeitt, der ein nytta slikt på dyret som ikkje var brukande til mat. I gryta kunne det dermed hamna gamle reveskrottar og liknande. Når dette var godt kokt, vart det avkjølt og ein tok vare på feittet. Jo meir feitt, jo mjukare såpe.

Deretter kokte ein ei gryte med:

4 kg	*soda*	*5 kg*	*skrapefeitt*
2 kg	*leska kalk*	*3*	*bøtter vatn*
3 kg	*grovt salt*		*oskelut*

ut på tur
aldri sur